



Beskrivelse av prosjektet – Graving og asfaltering av delar av Brøløsvegen

Innleiing

Seljord kommune er løyvd midlar til å ruste opp vegen og fortau i Seljord Sentrum.

Seljord kommune ynskjer i den forbindelse tilbod på grunnarbeid og asfaltering.

Tilbodet skal leverast som eit komplett tilbod slik tilbodsdokument og skisse viser. Tilbodsdokumentet og skissa viser kva for eit området og i kva for eit omfang det skal utførast arbeid.

Forventa oppstart av grunnarbeider er september 2023, etter Dyrskun. Ferdigstillelse av prosjektet er satt til midten av desember 2023.

Det må takas høgde for at alle grunneigarar skal ha tilgang til sin eigen eigedom under heile perioden. Viss det er området dette ikkje let seg gjera, er entreprenør ansvarleg for å opprette ein dialog med den/dei grunneigarane det gjeld, slik at me sikrar god dialog under gjennomføringa av prosjektet.

Beskrivelse av tilbodsarbeidet

Vegen og fortauet gjennom sentrum er svært dårleg og treng ei opprusting. I den forbindelse ynskjer me ein pris på å få frest opp og reasfaltert delar av Brøløsvegen frå Vallabru og fram til Telebygget(sjå kartskisse), samt gravd opp og reasfaltert fortauet frå Vallarbru til Enkegata(sjå kartskisse).

I vegen ifrå Vallabru, fram til Skipperbakken er det djupe hjulspor og dårleg asfalt. Her ynskjer me at det fresast ned til eit nivå og leggst på slitesterk asfalt ihht N200. Fotgjengarfelt ved Vallarbru og Prestegardsvegen skal reetablerast etter asfaltering. Fotgjengarfeltet ved Brøløsvegen 68, fjernes.

Fortauet frå Vallarbru, fram til omtrent Seljord skule, er av så dårleg forfatning at her må det gravast opp



Frå omtrent Gullnesvegen og til Enkegata må det tilførast masse då grunnen gjer etter. For å unngå full masseutskifting ynskjer me at entreprenøren ser på alternative løysingar for å gjenbruke fresemasse og tilbakeføre den inn i vegkroppen for så å asfaltere oppå. Merk at det er raud asfalt på fortauet i sentrum.

Forventa tilleggsarbeid

Langs strekket så er det nokon lommer og innkjøringar. Desse tas i utgangspunktet ved behov, men avkjøringa inn mot prestegardsvegen må fresast opp og takast i forbindelse med at veggen takast. Det er tidlegare lagt raud asfalt i sentrum. Det vil forekomme stader der denne er lagt inn mot bygg utover berre fortausbreidda. Her ynskjer me at all raud asfalt skiftas ut.

Vidare skal det leggast trekkerør for straum mellom lyktestolpane frå Vallarbru til Gullnesvegen. Dette takast ifm at fortauet gravast opp. I den forbindelse er det eit parti i sentrum der fortauet består av belegningsstein. Denne må takast opp og leggast tilbake når trekkerør er lagt. Alt av materiell ifm rørlegging til gatebelysning tilførast entreprenøren, så det er kun snakk om graving og legging av trekkerør.

Eksisterande kantstein langs fortau, behaldast så langt det lar seg gjera. Øydelagde og slitte kantstein bør skiftas ut, då med tilsvarande kantstein. Då dette er i sentrum, ynskjer me at entreprenøren tar ei vurdering på hvorvidt ein skal skifte ut heile strekk med kantstein for å få eit meir heilskapleg inntrykk. Dette kjem som eit tilleggsarbeid.

Der skal etablerast eit nytt fotgjengarfelt over Brøløvsvegen, ifm krysset Nord-Øst av Brøløvsvegen-Ingrid Slettens veg (sjå kartskisse). Det eksisterande som er 30m lenger Øst fjernes. Her skal det og leggast trekkerør, samt at det skal settast ned fundament på kvar side til lyktestolpar.

Asfaltskykkelse og oppbygging skal skje i samsvar med Statens vegvesens håndbok N200.